



REFERAT FRÅ 4. STYREMØTE I REGIONALT STYRE REGION SOGN OG FJORDENE

Dato: tysdag 2. desember kl. 19.30, TEAMS-møte ferdig 21.00		
Desse møtte: Terje Vallestad, Stine Marie Solheim og Johan K. Kjerstad. Melde forfall: Dan Solberg og Sylvi		
Sak	Frist	Ansvar
Sak 17/24/25 Terminplan 2024-2025 1) Status ut november 2024: Det er fremja ønskje om å flytte første lukka Regionssamling U 16 fram i tid til 4-5. januar, skuld kollisjon med TEEN og Miniturnering i Gaularhallen, opprinneleg dato var 12. januar. Saka er teke opp med EB og nokre av trenarane. Styret ønskjer endringa gjennomført. 2) Terminplan vidare i sesongen 24/25: I samband med sak 17/1, kom planane om ei tiltenkt informasjonsøkt i minivolleyball opp. Styret bør arbeide med å gjennomføre denne økta før turneringa i Gaularhallen 12. 01.2025. Målet må vere å få fortald om minivolleyball og organiseringa av aktivitet i klubb, samt om planane for turneringar resten av sesongen. 3) Terminplan 2025/2026: Må planleggjast tidleg og vere klar før sommarferien. Terminplanen skal ver eit styrande og korrekt verktøy som er truverdig og til å stole på i høve gjennomføring av sesongen!	Snarast råd Detter er no ordna! FØR JUL: Planlegge webinaret før jul med invitasjoin til klubbane og event. trenarar. Før valmøtet	Styret, v leiar følgjer opp saka Leiar arb eider mot Anders Mol og innhald på 20 min. innlegg. Stine Marie tek reste av informasjonen i møtet og ansvar for dette. Styret
Sak 18/2425 Støtte frå Sparebankstiftinga og FVBK	Frist	Ansvar
Leiar orientering om midlane som er tildelt FVBK og korleis vi kan gjennomføre dette til beste for utvikling i klubbane og NVBF Region Sogn Fjordane. a) «Leiar sender ut informasjon til klubbane i Region Sogn og Fjordane og ber om tilbakemelding på kva slag tilbod/innhald dei vil ha på treningsøktene. Framlegget vil vere 3 delt:	10.januar Brev er sendt ut til klubbane i Region Sogn og Fjordane	Styret v/leiar

a) senior b) aldersfastlagd og c) Minivolleyball. Treningsøkta kan delast på to parti, og maks treningsgstid vert sett til 3 timar.» b) «Med utgangspunkt i svar, vert det sett opp ein plan for innhald, stadar/hallar, reiserute og trenarar. Det skal setjast opp ei budsjett for prosjektet» c) «Før realisering, skal saka skal handsamast i styret til FVBK, så i styret i NVBF Region Sogn og Fjordane. Gjennomføring: vinter og vår 2025»		
Sak 19/24/25 Minivolleyball Webinar 2024 ?	Frist	Ansvar
Stine Marie arbeider med ein plan for innhald her. Sjå SAK 17/2024/2025. Stine Marie slo til ordet for at vi inviterar alle idrettslag og klubbar, samt volleyballklubbar til WEB-seminar måndag 6. januar . like før turneringa i Gaularhallen 12. januar. Vi må invitere Anders og/eller Kåre Mol til å halde eit innlegg om MINI-volleyball og forklare for deltakarane kva som gjer dette så spennande og utviklande. Opne for spørsmål og dialog deretter. Avslutningsvis orientere om resten av minivolleyballs sesongen i Regionen og invitere dei til å vere med i Gaularhallen 12. januar, i Florø og ENIVEST CUP 1. mars, samt i Svelgen 5. eller 6. april? Førde VBK og Svelgen driv godt i minivolleyball; kanskje ein rep. frå kvar klubb kan halde eit innlegg og oppsummere erfaringane sine ?	23. desember Johan K. har vore i kontakt med Kåre Mol om saka. Brev og førespurnad er sendt.	Johan snakkar med Anders og Kåre, samt sender invitasjon til klubbane i NIF og NVBF Region Sogn & Fjordane. Johan K. held styret orientert
Sak 20/24/25 Forbundstinget 2024 og Langtidsplanen 2024-28		
Framlegg til prioriteringar og handlingsplan frå styret i NVBF kjem før jul. Skal handsamast når regionane møtast i Oslo cupfinalehelga 2025, så ut på høyring i klubbane. Vi er elles merksame på framlegget vårt om nye aldersinndelingar 12-14-16-18 og 20. Alle må følgje med på styrereferata frå NVBF framover. Saka skal handsamast der i desember!	Før jul	Styret samla, spes. Terje Vallestad
Sak 21/24/25 Midlar frå SOFIK		
Det er delt ut 25 000 kr frå SOFIK til NVBF Region Sogn og Fjordane. Dette er aktivitetsstøtte som vi bruke til tiltak som skal styrkje klubb og utviklingsarbeid.	Før jul	Styret samla

Johan K. nemnde eit framlegg på kurs i dei tekniske slaga i beachvolleyball og teknisk innlæring øving. Gjerne også felt forsvar og organisering/ melding via teikn(kommunikasjon). Vi bør arrangere eit slik kurs i Øyrane arena i slutten av april, laurdag og søndag. Tillet veret det, kan vi prøve ute... Elisabeth meiner vi bør gå for eigne trenarkrefter. Eg har difor utfordra Geir Eithun, tidlegare beachspela. Han vil ta oppgåva, men må ha avklaring heime først. Johan følgjer opp her. Vi må sjå dette saman med ei Kick Off i beachvolleyball... Utgiftene til WEBINARET bør takast frå dette tilskotet frå Vestland Idrettskrets! Dette til vitande, primært! Andre framlegg vart ikkje diskutert, men styret må gjerne komme med framlegg raskt!		
Sak 22/24/25 Ymse		
a) Det bør sendast ut melding til alle idrettslag i Vestland Idrettskrets om at det er mogeleg å få kjøpt sand til beachbanar via kontaktar Terje Vallestad har. Tilgangen er på 1500 tonn prima gnanulert sand. Skjema er sendt NVBF Region Sogn og Fjordane ve Elisabeth Bjørvik. Klarar du å hjelpe med å få dette infoen ut. Frist for tinging er 15.02.2025.	Før jul	Terje Vallestad og Johan K. PS! Konatkt Svelgen T&IF, dei vurderar ny bane...

For styret

Johan K. Kjerstad
Leiar NVBF RSF
Mob. 9938 3399